

Unge Viljer. Film- og reklamemannen **Walter Fyrst** stod tidleg på trettiåret i spissen for ein organisasjon for frivillig arbeidsteneste blant arbeidsledig ungdom, «Arbeids-fylkingen». Sterkt oppteken av temaet arbeidsløyse og klassestrid tok han temaet opp ti år etter i filmen *Unge Viljer*. Filmen vart spela inn i 1942, med premiere året etter. *Unge Viljer* var den einaste ideologiske spelefilmen som vart laga i Noreg under krigen. **Walter Fyrst** var manusforfattar, regissør og produsent. Filmen handlar om arbeidarsonen **Tor Jansen** og hans kjærleik til **Liv West**, dotter til farens arbeidsgjevar. Det flokte seg til, og nedbroten av kjærleikssorg drog **Tor** på frivillig arbeidsteneste. Han kom då på nybrotet til bonden **Bjørn Storhaug**, som nyst hadde blitt kasta ut av odelsgarden sin, nettopp av direktør **West**. Den følgjande bileisekvensen er ei handling i handlinga, og har heilt klart tvangsauksjonen på garden **Eika** som historisk førebilete, med husbondsfolk og bygdefolk som levande kulissar.



Frå filmen *Unge Viljer*, Norsk filminstitutt, Oslo



Grupper av rugande bygdefolk: «Fa'n ta Stortinget som gæller det til slik.»



«Du hev då bånseng, då treng du ikkje vogge.»



Lensmannen vart spela av **O. Stavholt**. Då han heldt på å misse kontrollen medan dei krakilske bondene rykte alt nærmare, greip han telefonen og utbraut: «Eg må ha hjelp, hr. politisjef, mengden hindrar meg i å gjera mi plikt.»



Tvangsauksjonen på odelsgarden **Storhaug**. **Bjørn Storhaug** vart spela av **Einar Tveito**. I filmen blir **Storhaug** – alias **Keil Eika** – halden fram som ein gjæv mann og eit føredøme for alle.



Sakforar **Rastad**, alias **Olav Lien**, vart spela av operasjonsgaren **Karl Aagaard-Østvig**, far til hovudrolleinnhavaren **Karl Aagaard-Østvig jr.**, som fall på Austfronten året etter. Sakføraren talte frå gardstunet: «Og nå kan dere se godtfolk, hvordan ryggraden i Norge, Norges bondestand, blir behandlet etter norsk lov ... man kan ikke lenger snakke om den frie norske bonde. Det skyldes den sinnsvake deflasjonspolitikkk som Norges Bank og våre ledende politikere har årevet.»



Hjelpa kjem, og statspolitiet rykkjer inn på tunet.

109877

Samlagets høgskulebøker

Fagbokredaksjonen i Det Norske Samlaget gir m.a. ut lærebøker for høgare utdanning, monografier og årbøker, og oppslagsverk for eit allment publikum. Årleg gir vi ut om lag 20 slike bøker. Vi lagerfører om lag 250 titlar som anten er pensumlitteratur eller høver som tilleggslitteratur ved høgare lærestader. Fyldig bokkatalog og meldingsbladet Samlagsakademiet får du regelmessig tilsendt ved å skrive eller ringje til

Det Norske Samlaget
Fagbokredaksjonen
Boks 4672 Sofienberg
0506 Oslo 5
Tlf. (02) 68 76 00

Har du idear om bøker vi burde lage, høyrer vi gjerne frå deg!

Jostein Nerbøvik

Bønder i kamp

Bygdefolkets Krisehjelp 1925–35

Det Norske Samlaget
Oslo 1991